



Vinnarlaget Pass: Åsmund Lilleås, Tone Tjelmeland, Ole Vidar Monsen og Terje Bru Markhus

**Etter ein knallsterk innspur med korrekte svar på spørsmål om sport vann laget Pass den andre quiz-runden på Systrene Nilsen i kveld. Tone Tjelmeland og Terje Bru Markhus frå Valen og uskedelingane Ole Vidar Monsen og Åsmund Lilleås var å finna på laget som slett ikkje svarta til spontan-namnet og no fekk blod på tann. Meir etablerte lag frå Uskedalen som også innfridde i starten svikta i innspurten.**



Middagshøgdo svikta mot slutten. På det laget stilte Bjarte Døssland, Bjørn Olav Tveit, Anders Stokkebø og Steinar Haugland. Medan berre 3 lag stilte opp for ei veke sidan var deltakartalet auka til 5 i kveld og dei plasserte seg slik:

1. *Pass* 40
2. *King Kenny* 37
3. *Matre Idrettslag* 35
4. *Middagshøgdo* 31
5. *Mias Suppekjøkken* 28.

Også denne gongen var Bjørn Sturle Hillestad frå Herøysund ein nærmast profesjonell programleiar og spørsmåla var ikkje spesielt krevjande, med eitt unnatak. Det var bolken om kroppen vår, som han hadde ein vellukka debut med sist onsdag. Denne gongen var han innom både overraskande og pikante tema men også spørsmål som til dømes vekta på hjernen og kor mykje urin eit menneskje kvittar seg med gjennom livet.

Hvis du visste at Fleksnes heitte Marve til fornamn og at Noreg fekk farge-TV i 1972 ville du trolig gjort det godt i bolken som heitte 'Litt om alt'. Og hvis du visste at hovudstaden i Brasilia heiter Brasilia og at Thailand heitte Siam før ville du truleg gått prikkfritt gjennom den relativt lette geografibolken. Derimot var musikk-spørsmåla ein større utfordring og samla sett var utfordringane i kveld akkurat krevjande nok til å skilla klinten frå kveiten.

Vinnaren fekk 600 og lag nummer 2 300,  
Og så får vi håpa på at det kjem dobbelt så mange lag neste onsdag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen